

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 3. april 2024

Stad: seminarrom 216, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Shouhui Zhao, Kari Soriano Salkjelsvik, Lene M. Johannessen og Martin Paulsen

Frå gruppe B: ingen

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Eirik Haaland Tiller og Christine Fagg

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 31. januar 2024

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om at instituttet har seks utvekslingsstudentar på Taiwan, der det har vore jordskjelv. Vi har ingen grunn til å tru at det har hendt noko med våre studentar, men situasjonen blir følgd opp av instituttet og Studieavdelinga ved UiB etter vanlege rutinar.
- B) Instituttleiar orienterte om arbeidet med ny intern budsjettfordelingsmodell for UiB (Lommerud-utvalet), som er ei oppfølging av at den nasjonale fordelingsordninga er endra. Det blir lagt opp til at institutta og fakultetet ikkje skal oppleve store økonomiske endringar, i alle fall ikkje i starten. Samstundes må vi bu oss på ei viss innstramming på sikt. Tidlegare øyremerkte ordningar blir i større grad overlatne til den enkelte institusjonen (t.d. øyremarking av midlar til nye ph.d.-stillingar). I framlegget til ny fordelingsmodell ved UiB er det lagt inn ein småfagskomponent, der alle fullt utbygde fag skal ha minst tre tilsette.
- C) Instituttleiar orienterte om framdrifta i studieporteføljeprosjektet ved fakultetet. Arbeidsgruppa ved fakultetet skal levera ein rapport til juni. I september skal så fakultetsstyret gjera vedtak i saka. Fagg meinte ex.fac. burde kunna knyttast nærmare faget studenten skal studera. Lunde viste til dei konkrete framlegga som har versert i arbeidet med programporteføljen: Er nokre av desse ideane og modellane framleis med i prosessen? Johannessen spurde om det er mogleg å henta studiepoenga som no er på ex.fac., inn i faget. Berg Henjum spurde kvar ein kunne finna informasjon

om dei ulike modellane som no er drøfta i studieprogramporteføljeprosjektet. Instituttleiar peikte på at det framleis er mykje som er uklart i arbeidet med å revidera programporteføljen, og Lunde lurte på om innspels-e-posten på nettsida for prosjektet er i bruk? Uthaug meinte det var viktig å vita korleis fakultetet ville nytta tida mellom at rapporten er ferdig i juni og fakultetsstyret skal gjera vedtak i september: Blir det henta inn synspunkt og innspel frå institutta og faga i denne fasen? Soriano meinte det var uehdlig for studentrepresentantane at rapporten skal leggjast fram i juni og saka avgjerast allereie i september.

- A) Komiteane er i gang med å vurdera søkerane til dei to utlyste stipendiatsstillingane (den eine i framandspråksdidaktikk, den andre knytt til forskargruppene Europas grenser og Austslaviske språk, samfunn og kulturar). Det kom veldig få norske søkerar til desse stillingane, og heller ikkje mange europeiske. Når vi for dårleg ut med informasjon om stillingane våre til potensielle søkerar? Instituttet vil koma tilbake til spørsmålet om rekrutteringa til stipendiatussingar.
- B) Instituttet reknar med stillinga i spansk språk blir lyst ut ein av dei nærmaste dagane.
- C) Dialogmøte med fakultetet for i år er fredag 5. april. Leiargruppa har førebudd seg til møtet ut frå dei spørsmåla fakultetet har sendt ut om forsking, forskarutdanning, utdanning og administrasjon.

Sak 4 – EVU ved instituttet

Instituttleiinga har tidlegare lova å koma tilbake til instituttrådet med ei sak om vidareutdanninga ved IF (sjå sak 5, 31. januar 2024). Instituttrådet vart invitert til å drøfta framtida for etter- og vidareutdanninga ved instituttet med utgangspunkt notatet, som vart sendt ut saman med innkallinga, om stillingar, finansiering og vidare satsing. Uthaug orienterte om hovudpunkt i notatet.

Soriano spurde om ikkje det var mogleg å integrera dei gratis fjernundervisningskursa med det ordinære tilbodet og ta opp studentane gjennom Samordna opptak. Spansk prøver ut ei slik ordning no framover. Det fører samstundes til at fjernundervisningstilbodet på faget ikkje lenger blir sett på som eit evu-tilbod. Instituttleiar meinte dette kan vera ein bra modell, vel å merka om vi på denne måten greier å rekruttera fleire studentar til faget og få dei til å gjennomføra ein heil bachelorgrad. Han viste samstundes til at ein slik integrert modell òg fører til at dei faste evu-stillingane blir tettare integrerte i det ordinære tilbodet, og at dette kan ha konsekvensar for bemanningsplanen. Dette må avklaraast nærmare med fakultetsleiinga. I så fall kan stillingane brukast meir fleksibelt på faget, men vi må samstundes rekna med at det kan bli lenger fram å kunna lysa ut neste faste førstestilling på faget. Lunde peikte på den grunnleggjande skeivskapen i at resultatfinansieringa frå studiepoenga går til fakultetet, medan instituttet må finansiera stillingane. Ho reiste samstundes spørsmålet om vidareutdanninga kan defineraast meir som eit eige fag og haldast utanfor dei ordinære faga i bemanningsplanen. Instituttleiar meinte dette siste neppe var realistisk å få til. Berg Henjum viste til samanslåing av nettundervisning og campuskurs i same emne, slik spansk gjer det. Soriano viste til modellen som både inneheld campus- og nettundervisning. Berg Henjum viste til at fokusset på heile gradar (BA) var demotiverande for satsinga på fjernundervisningsemne. Lunde kasta fram ideen om ein evu-modell som ein meir open struktur som ein kan fylla med ting etter kvart som det blir aktuelt. Slik kan vi meir fleksibelt setja opp nye og aktuelle kurs på kortare varsel.

Eventuelt (sendt ut etter møtet):

Framlegg: Instituttrådet gjer framlegg om følgjande nominasjonskomité for instituttrådet ved IF 2024: Astrid Haas (gruppe A), Mona Hosseini (gruppe B), Susann Aga (gruppe C) og Eirik Haaland Tiller (gruppe D).

Oppgåver:

Nominasjonskomiteen skal oppnemnast for valet til instituttrådet for gruppe B og D våren 2024. Instituttrådet skal gjera framlegg om nominasjonskomité, og komiteen skal deretter oppnemnast av fakultetsstyret.

Komiteen skal assistera arbeidet med rekruttering og val av medlemar til instituttrådet dersom
a) ein ikkje greier å rekruttera nok kandidatar eller dersom b) kjønnsbalansen i rådet ikkje oppfyller krava i lov og regelverk (minst 40 prosent av kvart kjønn).

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef